

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Laila Bjørge	FA - V01, FE - 223	16/2957

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
57/2017	Utval for drift og utvikling	PS	06.06.2017

Kommunalt tilskot til landbruksføremål 2017 -budsjettpost 14700 603 3290

Vedlegg:

Søknad om kommunalt tilskot for 2017

Følgeskriv

Retningsliner for budsjettpost 14 700 603 32090 - tilskot til landbruksføremål (L)(249886)

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utval for drift og utvikling oppretta i 2002 ein budsjettpost som gjaldt ordning med tilskot til landbruksføremål. Den har mellom anna vore nytta til tilskot til ulike landbrukstiltak som grøfting, driftsbygningar m.m og til gode fellesprosjekt for landbruket til dømes prosjekt Glade bønder. For 2016 prioriterte ein grøfting og det vart gitt tilskot til 2000 meter med nye grøfter.

På budsjettposten står det kr. 45 000 til fordeling i 2017.

Norsk landbruksrådgiving (NLR), Hordaland har søkt om tilskot til drifta for 2017. Midlane frå kommunane går til informasjons- og utviklingsarbeid som er vanskeleg å finansiera med andre midlar. NLR er ein medlemsorganisasjon, men både bønder og kommunar kan kjøpa rådgivingstenester, og dei heldt kurs og markdagar som er opne for alle. Dei ber om tilskot som tidlegare år. I 2016 vart det løyvd kr. 10 000.

NLR –Hordaland er i 2016 vorte ein del av NLR Vest SA som dekkjer ein stor del av Vestlandet. Rådgjevarane er framleis desentralisert, og kan tilby spisskompetanse innan ei rekke område. Fokusområde er mellom anna gras og grovfor, klimasmart landbruk, dyrking av bær, potet og grønsaker, bedriftsutvikling og etablering m.m. Dei er ei uavhengig, landbruksfagleg rådgivingsteneste. I 2016 har dei i Meland mellom anna bidrege med fagstoff på markdagar og det er planlagt Bondelunsj i slutten av mai der dei skal ha det faglege innhaldet om ugras.

Vurdering

Føremålet med tilskotsmidlane har vore at dei skal vera til hjelp i samband med investeringar på bruk som mottek produksjonstilskot eller andre tiltak som fremjer landbruket i kommunen: Tekniske miljøtiltak, driftsbygningar, nydyrkning, grøfting, skogsbilvegar og tiltak for å betra driftstilhøve. Nyskaping, kulturlandskapstiltak og fellesprosjekt for landbruket er andre. Midlane har eit breitt

føremål som innebærer at det vert små summar til mange dersom ein ikkje legg føringar for kva som bør prioriterast.

Hovudutfordringa for landbruket i dag er grøftetilstanden på mange areal. Klimaendringar, bruk av tyngre maskiner kombinert med gamle grøfter gjer at areal går ut av drift. Grøfting er eit viktig klimatiltak i landbruket fordi godt drenert jord nyttar gjødsla betre og gjev dermed mindre utslepp av klimagassar og avrenning av næringsstoff. I tillegg er det eit tiltak for å auka avlingsnivået og dermed bidra til betre økonomi for bonden.

Det finst i dag ei ordning med statstilskot der ein kan få inntil 15 kr i pr løpemeter grøft i tilskot. Kostnaden på grøfting er relativt høg og varierer frå 70-100 kr pr. meter. Erfaring så langt med statstilskotet er at det er for lågt til å få fart på grøftinga, og dette er meldt tilbake til styresmaketene både av bønder og forvaltning. Erfaring frå dei to siste åra er at statstilskot saman med eit kommunalt tilskot ser ut til å ha betre effekt for å få til ei auka satsing på grøfting. Landbruksforvaltninga i kommunane vil og satsa på kurs- og markdagar på dette temaet.

Administrasjonen vil difor foreslå at grøfting vert prioritert for dette året og. Tilskotet er sett til 20 % av godkjent kostnadsoverslag, men det kan vera meir teneleg å bruka ein sats pr. meter. Administrasjonen foreslår her inntil 20 kr/løpemeter grøft.

Når det gjeld søknaden frå NLR Hordaland, vil administrasjonen peike på at det er ei fagleg verksemd som er viktig for utvikling av landbruksnæringa i fylket. Dei har fleire fokusområde, mellom anna optimal produksjon av gras og grovfor, gjødselplanlegging, bedriftsutvikling og økonomi, driftsplanar, næringsutvikling og bærproduksjon. Når det gjeldt å skaffa fram landbruksfagleg kunnskap lokalt i Hordaland er dei ein viktig bidragsytar. I tillegg held dei ei rekke kurs og fagmøte rundt i heile fylket. Meland kommune har god erfaring med å samarbeid med NLR om ulike kurs og fagdagar. Administrasjonen rår til å støtta dei med kr. 10 000 for 2017.

Retningslinene for denne budsjettposten har stått uendra sidan 2002, og har heller ikkje vore samordna med retningsliner for tildeling av midlar til skogsføremål. Utviklinga i landbruket har endra seg dei siste 15 åra og det kan difor vera naturleg å ta ein gjennomgang av ordninga. Administrasjonen vil foreslå at ein tek retningslinene opp til revidering i samband med budsjettarbeid for 2018.

Konklusjon

Administrasjonen vil foreslå å støtta Norsk landbruksrådgiving Hordaland med kr. 10 000 for 2017, dekka av budsjettpost 14700 603 3290.

Administrasjonen gjer vidare framlegg om at tilskot til grøfting vert prioritert for 2017, og at det vert nyttar inntil kr. 20 pr/løpemeter i tilskotssats

Midlane for inneverande år må nyttast i 2017, og administrasjonen ber om fullmakt til å lysa ut og løyva tilskota av resterande midlar på budsjettpost 14700 603 3290.

Retningslinene for denne tilskotspotten vert tatt opp til revidering i samband med budsjettarbeid for 2018.

Framlegg til vedtak:

«Utval for drift- og utvikling løyper kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2017.

Tilskotet vert dekka av budsjettpost 14700 603 3290.

Administrasjonen får fullmakt til å lysa ut og avgjera søknader om tilskot til landbruksføremål administrativt for 2017 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290. Grøfting er prioritert område».

Retningslinene for denne tilskotsordninga vert tatt opp til revidering i samband med budsjettarbeid for 2018

Utval for drift og utvikling - 57/2017

UDU - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet - tillegg til administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

"Utvalet ber om at det m.a. vert vurdert tilskot til reetablering av kantvegetasjon langs elver og vassdrag for å hindre uønska avrenning."

Ved røysting vart administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tillegg sett fram i møtet, samråystes vedteke.

UDU - vedtak:

-samråystes:

«Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2017. Tilskotet vert dekka av budsjettpost 14700 603 3290.

Administrasjonen får fullmakt til å lysa ut og avgjera søknader om tilskot til landbruksføremål administrativt for 2017 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290. Grøfting er prioritert område.

Utvalet ber om at det m.a. vert vurdert tilskot til reetablering av kantvegetasjon langs elver og vassdrag for å hindre uønska avrenning."

Retningslinene for denne tilskotsordninga vert tatt opp til revidering i samband med budsjettarbeid for 2018